

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 3/2005

Møtedato: 9.2.05

Arkiv nr:

Snøskuterløyve til turistretta verksemd

Fjellstyret har motteke kopi av vedtak i formannskapet sak 75/04 som gjeld tildeling av løyve til bruk av snøskuter i turistretta verksemd. Søknaden omfattar bruk av snøskuter i samband med kurs i kiting og anna turistretta verksemd.

Myrvold skriv i sin søknad datert 25.9.04 m.a.: *Under kursvirksomhet og arrangement der skiseil er i bruk må det være en snøscooter for å frakte ut instruktører, vendebøyer og annet nødvendig utstyr. Vi må kunne stoppe personer som seiler for langt og hente de som ikke klarer å krysse tilbake mot vinden. Personer som får alvorlig fall under seiling må befri seg fra seilet med en nødutløser. En snøscooter må brukes når seil blir tatt av vinden, disse er ellers umulig å stoppe til fots eller på ski. Som kursansvarlig må jeg kunne gi kursdeltakere tilbud om instruksjon der de befinner seg i kursområdet. En annen ting er at en selvsagt også må ha en beredskap i tilfelle skader og ulykker. Som aktivitetsleverandør er det også behov for å kjøre ut utstyr i forbindelse med andre firmaarrangement. Dette er utstyr til leik, servering og overnatting ute i snø.*

Administrasjon i kommunen avslø søknaden fordi det ikkje var heimel til slikt løyve etter lovverket. Saksbehandlar hadde avklara med fylkesmannen at det ikkje var lovgrunnlag for tildeling av løyve. I vegleiar til motorferdselsloven står det klart at kommunen ikkje kan gi løyve til reiselivsopplegg som fører med seg snøskuterkjøring, f.eks. frakt til villmarksleir, følgjeskuter til sikring m.m.

Ved klage over vedtaket gav formannskapet likevel søkjaren løyve til å bruke snøskuter slik som skissert i søknaden med grunngjeving i ei forsøksordning på to år. Dette vart gjort sjølv om det går klart fram av saksutgreiinga at det ikkje er heimel for å gi løyve til slikt kjøring. Loven gir ikkje kommunen større rett til å gi dispensasjon ved å kalle det forsøksordning. Sidan kommunen ikkje har heimel i lovverket, er dette ikkje eit lovleg vedtak etter motorferdselsloven.

Fjellstyret er ansvarleg for oppsyn i allmenningen. Ved informasjon og kontroll blir det forsøkt å skape respekt for lovverket som regulerar motorisert ferdsel i utmark. Dette blir vanskeleg når kommunen ikkje respekterer lovverket sjølv. Innan snøskutermiljøet har det hardna til og det er m.a. sett fram truslar mot Vestre Slidre fjellstyre sitt oppsyn inkludert familie. Fjellstyret ser derfor alvorleg på at kommunen sender ut så klare signal om at det ikkje er nødvendig å følgje loven. Med slike politiske vedtak vil dette kunne gå ut over arbeidsmiljø og sikkerheit for oppsynet.

Kommunen har den 9.12.04 fått medhald hjå fylkesmannen i klagesak over vedtak F 12/03 der hytteigarane i Grunke blir nekta løyve til varetransport til eigen hytte med eigen snøskuter. Fylkesmannen skriv i si vurdering m.a. følgjande: *Motorferdselslova er under stadig press, og der er etter fylkesmannen si oppfatning viktig at den ikkje vert uthola og vert praktisert på ein rett måte. Fylkesmannen har og merka seg at kommunen ynskjer å redusera talet på snøscooterløyve og føre ein streng og konsekvent praksis i motorferdselsaker. Samanlikna med andre kommunar med tilsvarende hyttestruktur og arealstorleik, er talet på snøskuterløyve framleis stor i Vestre Slidre. Det bør derfor vere ei klår målsetting for kommunen å gjennomføre ein kritisk gjennomgang av løyvepraksisen, med tanke på å redusere talet på løyver.*

Ein finn det underleg at kommunen i klagesak over for hytteigarane i Grunke opplyser at ein fører streng og konsekvent praksis i motorferdselsaker, men ikkje fylgjer opp dette over for lokale næringsutøvarar. Slik søkjaren sjølv skisserer når det er nødvendig med bruk av snøskuter, gir dette samla eit relativt stort omfang av snøskuterbruk.

Fjelloven § 3 pålegg fjellstyret å arbeide for å sikre at allmenningen vert brukt på ein måte som fremjar næringslivet i bygda og tek vare på naturvern- og friluftssinteressene. Tildeling av slike løyve er utan tvil til skade for naturvern- og friluftssinteressene. Fjellstyret ser det som viktig å støtte tiltak for å fremje næringslivet i bygda, men dette må skje innanfor dei rammene lovverket gir. Fjellstyret har tidlegare støtta søkjaren og andre i næringsutvikling og vil gjera det i framtida også. Føresetnaden er at det er tiltak som er innanfor gjeldande lovverk.

Kjell Strand reiste følgjande framlegg til vedtak:

Fjellstyret klagar over formannskapet sitt vedtak i sak 75/04 med den grunngjeving at kommunen ikkje har heimel etter § 6 i motorferdselsloven til å gi løyve til slike formål.

Fjellstyret forvaltar bruksrettane i statsallmenningen og fjelloven § 3 pålegg fjellstyret å arbeide for å sikre at allmenningen vert brukt på ein måte som fremjar næringslivet i bygda og tek vare på naturvern- og friluftsiinteressene. Med bakgrunn i dette ynskjer fjellstyret eit nærare samarbeid med kommunen i saker som vedkjem bruk av snøskuter i allmenningen.

Embrik Før reiste følgjande framlegg til vedtak:

Fjellstyret klagar på vedtak 750/04. Fjellstyret meiner at vedtaket må innehalde geografisk område og bruksbeskrivelse.

Det vart stemt over Embrik Før sitt framlegg og fyrste avsnitt i Kjell Stand sitt framlegg. Kjell Strand sitt framlegg vart vedteke med fire stemmer mot Embrik Før sitt framlegg som fekk ei stemme. Siste avsnitt i Kjell Strand sitt framlegg vart einstemmig vedteke.

Vedtak:

Fjellstyret klagar over formannskapet sitt vedtak i sak 75/04 med den grunngjeving at kommunen ikkje har heimel etter § 6 i motorferdselsloven til å gi løyve til slike formål.

Fjellstyret forvaltar bruksrettane i statsallmenningen og fjelloven § 3 pålegg fjellstyret å arbeide for å sikre at allmenningen vert brukt på ein måte som fremjar næringslivet i bygda og tek vare på naturvern- og friluftsiinteressene. Med bakgrunn i dette ynskjer fjellstyret eit nærare samarbeid med kommunen i saker som vedkjem bruk av snøskuter i allmenningen.

Vestre Slidre fjellstyre den 10.2.05

Harald Ranum
Sekretær

Utskrift: Vestre Slidre kommune
Audun Myrvold